



Siv. ing Vidar Mjøs
Fabrikkvegen 7b
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/856 - 14/2655

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
17.03.2014

Byggesak Gbnr 18/5, 14 Villanger - tiltak i strandsona - Spørsmål om søknadsplikt - svar

Dykkar brev av 14.03.2014.

Det aktuelle område har arealføremål LNF (landbruk, natur og friluft) etter kommuneplan for Radøy kommune. Det er samstundes innafør 100-metersbeltet mot sjø. Det gjeld byggjeforbod i område for eit kvart tiltak som ikkje er i samsvar med arealføremålet LNF, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 1-8. Byggeforbodet gjeld også for tiltak som er unntatt søknadsplikt etter byggesaksforskrifta § 4-1.

Tiltak som er omtalt i byggesaksforskrifta § 4-1 vil framleis vere unntatt søknadsplikt etter plan- og bygningslova kapittel 20, men det vil vere naudsynt med søknad om dispensasjon frå arealføremål og byggjeforbod i strandsona.

For tiltak som ikkje er omfatta av byggesaksforskrifta § 4-1 vil det i tillegg til søknad om dispensasjon, vere søknadsplikt etter plan- og bygningslova §§ 20-1 eller 20-2.

Når det gjeld avkjørsle til landbruksveg er det vegstyresmakta som kan svare på spørsmål om eventuell søknadsplikt for utbetring av eksisterande avkjørsle.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Siv. ing Vidar Mjøs

Fabrikkvegen 7b 5059

BERGEN